

Til Viltforvaltning i Karmøy kommune ved Peder Christensen

Søknad om løyve til skadefelling av grågås sesongen 2023

Hilmar Eide, Kveitevikvn 49, 4260 Torvestad

Brukar: stor besetning av sau, villsau, svartfjes, norsk kvit m.fl. Livdyrsalg og kjøttproduksjon.

Eg driv eige og leigd areal som ligg til sjøen på Karmøy. Dei siste åra har det vore eit aukande press av grågås som beitar og legg fra seg avføring i graset. Problemet er størst på fulldyrka eng på Torvastad prestegarden gnr 132 /brnr 1 og leigd areal på gardsnr 131/ bruksnr 9 og 10.

Her er det store flokkar av ungfugl som gjer skade på grasareal. I tillegg verkar dei forstyrrende på hekkande vipar på same areal. Skremming ved hjelp av hund (optrena border collie) har vore effektivt, men det fører til uro for vipene. Tre store skremselsørnar av plast på 9 meter høge stenger er i bruk, men dette har ingen langvarig effekt. Det blir derfor søkt om løyve til felling av ungfugl.

Eg viser til viltforskrifta; Forskrift om skadefelling, om dødt vilt, og om bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark.

§ 3-3 Vilkår for skadefelling Den som har beslutningsmyndighet etter §§ 3-4 til 3-6 kan etter søknad gi tillatelse til uttak for å stanse eller avverge skade når;

- a) skadeforebyggende tiltak i rimelig utstrekning er forsøkt, vurdert ut fra hvilke verdier som skal beskyttes og kostnadene ved alternative tiltak,*
- b) uttaket rettes mot skadegjørende individ,*
- c) uttaket er egnet til å stanse eller vesentlig begrense skadesituasjonen, og*
- d) uttaket ikke truer bestandens overlevelse.*

Grågås har ein livskraftig bestand. Skadefelling vil ikkje trua populasjonen. Andre tiltak er prøvd. Grågåsa gjer betydeleg økonomisk beiteskade på innmarksareal hjå meg, særleg eng.

Torvestad 15.2.2023 Hilmar Eide

(utforma av Annlaug Fludal, NLR Rogaland)